

Varsel om grunnundersøkingar

Fv. 564 Fløksand – Vikebø

Asplan Viak hjelper Statens vegvesen med reguleringsplan for prosjekt fv. 564 Fløksand – Vikebø. Du er eigar av ein eigedom som ligg i planområdet. I samband med planlegginga er det nødvendig å kartlegge lausmassane med omsyn på kor tjukke dei er og kva dei er samansett av og andre eigenskapar ved areala. Undersøkingane er planlagt gjennomført i perioden juni 2019 til september 2019. Vi ønsker din aksept for å gjennomføre slike undersøkingar på din eigedom i Meland kommune.

Om grunnundersøkingane

Undersøkingane er planlagt gjennomført med 3 ulike metodar:

- Grunnboring med rigg
 - Beltegåande borerigg til bruk på fast og slakt terreng, gjerne i nærleik av eksisterande veger og/eller landbruksareal.
 - Kan etterlate seg spor frå borerigg dersom grunnen er blaut.
- Handheld sonderboring
 - Handheld sonderboring i bløtt og/eller bratt terreng. Etterlate lite spor etter bruk.
- Georadar
 - Måling med georadar skjer ved at man dreg med seg en liten «slange» med antenner som «skannar» grunnen. Dette gir indikasjon på kva løsmasser som finnes i grunnen.
 - Spesielt aktuell i områder med myr.
 - Etterlate seg ingen spor.

Vi har lagt ved eit kart som viser kvar vi har planlagt å undersøke og kvar vi har planlagt å køyre. Dersom borepunktene er i konflikt med private leidningar/rør er det fint om du gjer oss merksame på dette. Du står fritt til å følgje med på undersøkingane undervegs.

Vi vil gjera undersøkingane på ein slik måte at dei gjer minst mogleg skade. Dette gjeld også plassering av borepunkt. Der vi må bore på skogsmark kan det bli nødvendig å kviste eller å felle tre for å kome fram.

Når vi har undersøkt resultatata frå dei fyrste boringane kan det bli nødvendig å supplere med nye boringar. Dersom dette er aktuelt vil du bli kontakta på nytt før vi gjennomfører dette.

Samtykke til at vi kan utføre undersøkingar

Vi ber om at du gir ditt samtykke til undersøkingane. Samtykke kan gis enten ved å sende e-post til Morten Lexau eller ved at du skriv under vedlagde skjema og sender det tilbake til oss i svarkonvolutten som er lagt ved. Du kan også gi ditt samtykke pr. tlf. eller sende SMS. Vi vil at du tek kontakt med oss dersom du har spørsmål eller merknader til dette. Vi ber om ditt samtykke innan 25.06.2019.

Eventuell skade på eigedomen

Dersom undersøkingane medfører skade på eller ulempe for eigedomen har du krav på erstatning. Vi meiner vi har planlagt undersøkingane på ein slik måte at du ikkje vil få eit økonomisk tap eller at det ikkje blir nødvendig å sette arealet i stand etter at undersøkingane er ferdige. Dersom du ikkje er einig i dette eller at du meiner at du har lidt tap når undersøkingane er ferdige, ber vi om at du tek kontakt med oss så snart som mogeleg. Dersom vi ikkje blir einige om spørsmål om erstatning, kan eit skjøn avgjere dette i henhold til § 19 i oreigningslova.

Førehandsvarsel om vedtak

Dersom du ikkje frivillig aksepterer grunnundersøkingar, gir § 4 i oreigningslova oss lovheimel til å gjera grunnundersøkingar i samband med planarbeidet. Vi varslar med dette at vi om nødvendig kan vi fatte vedtak om at vi skal gjennomføre slike undersøkingar. Dersom du har innvendingar mot at vi kan gjere eit slikt vedtak, kan du skriftleg per brev eller på e-post sende dine innvendingar til oss innan 25.06.2019.

Gjensidig informasjon

Det er fleire forhold vi gjerne vil ha dine kunnskapar om:

- Vi vil bruke offentlege kart for å finne eksisterande leidningar, kablar og anna i grunnen. Kjenner du til slike innretningar som vi bør vera merksame på?
- Eit av vedlegga viser planlagde område som blir berørt inklusiv køyretraséar. Har du innspel til eventuelle endringar.
- Eventuelle forpaktarar eller leigetakarar må vi også kontakte. Dersom dette er aktuelt for din eigedom ønsker vi at du gir oss kontaktinformasjon om desse.

Vi vil ta kontakt med deg om dette.

Dersom du har spørsmål om undersøkingane eller viktig informasjon til oss, til dømes om floghavre eller andre planteskadar, kan du ta kontakt med desse personane hos oss:

Grunnboringskoordinator (som svarer best på korleis vi skal utføre undersøkingane):

Odd Martin Sundsbø

Tlf: 95473223, epost: odd.martin.sundsbo@vegvesen.no

Planprosjektleder (som svarer best på generelle spørsmål om planprosjektet):

Hege Løvteit hege.lotveit@vegvesen.no

Asplan Viak på vegne av Statens vegvesen Region vest

Med helsing

Morten Lexau, tlf: 48199559, epost: morten.lexau@asplanviak.no

saksbehandlar

Vedlegg:

- Kart
- Samtykkeskjema
- Svarkonvolutt